



Fylkesmannen i Vestland

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato:

21.05.2019

Vår ref:

2019/4978

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Diana Eidem, 5557 2162

Brev sendt pr. epost til: postmottak@meland.kommune.no

Felles avfallsplan for kommunale hamner i Meland kommune er godkjent med nokre atterhald

Fylkesmannen har vurdert og godkjent avfallsplan for 4 kommunale hamner i Meland kommune, med nokre atterhald.

Godkjenninga gjeld i tre år frå vedtaksdato. Ny plan må sendast inn seinast tre månader før godkjenning går ut, eller ved vesentlege endringar i drift av hamna.

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at de har fått dette brevet.

Fylkesmannen viser til avfallsplan sendt inn 30. april 2019.

Alle hamner skal ha avfallsplan

Som eit ledd i å verne det ytre miljøet må alle hamner ha ein avfallsplan for å dokumentere at det er etablert tilstrekkelege mottaksordningar for avfall frå skip. Krava til avfallsplanar er fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 20. Alle som driv eller eig ei hamn langs kysten (hamneansvarlege) skal utarbeide ein plan for mottak og handtering av avfall og lasterestar frå skip, jf. forureiningsforskrifta § 20-6.

Avfallsplanen skal godkjennast kvart tredje år

Planen skal lagast i samsvar med krava i vedlegg I til kapittel 20, og skal sendast inn til Fylkesmannen for godkjenning kvart tredje år, eller ved vesentlege endringar i drifta av hamna. Miljødirektoratet har laga ei rettleiing til utarbeiding av avfallsplanar i hamner. For å sikre at Fylkesmannen rekk å godkjenne ny plan før den gamle går ut, må ny plan sendast inn seinast tre månader før den gamle går ut.

**Gode mottaksordningar skal bidra til redusert dumping av avfall på sjøen**

Planane, og revisjonane av desse, skal bidra til at behov for endringar i mottaksordningane blir vurdert jamleg. Saman med eit gebyrsystem som krev inn ei avgift uavhengig av avfallsleveransen, skal det vere mindre attraktivt å dumpe avfallet på sjøen og sikre at skip leverer avfall til mottaksordninga på land.

Fylkesmannen si vurdering av innsendt avfallsplan

Avfallsplan mottatt 30. april 2019 er vurdert til å gje ein tilstrekkeleg vurdering av behovet for mottaksanlegg. Det er likevel nokre punkt de må gå gjennom og revidere omgåande for at planen skal vere i samsvar med krava i kapittel 20. Vi ber de sjå spesielt på kommentarane til punkt 10, 14, 17, 22 og 24 i vedlagt sjekkliste. Revidert plan må vere tilgjengeleg for ev. tilsyn, men det er ikkje naudsynt å sende inn revidert plan før regodkjenning om tre år.

Avfallsplanen manglar òg informasjon om korleis avfall frå skip vert handtert vidare. Dette er rett nok ikkje eit absolutt krav i vedlegg I, men vi tilrår likevel at informasjonen vert inkludert i planen ved neste revisjon, jf. punkt 19 i sjekklista.

Sjå vår fullstendige vurdering av planen i vedlagt sjekkliste.

Vedtak

Fylkesmannen har gått gjennom den innsendte avfallsplanen og godkjenner planen i samsvar med krava i forureiningsforskrift kapittel 20, vedlegg I, med etterhald om at planen vert revidert i samsvar med våre vurderingar. Vedtaket om godkjenning er heimla i forureiningsforskrift § 20-6 tredje ledd.

Klage

Vedtaket om godkjenning kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet vart mottatt, jf. forvaltningslova § 28. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Diana Eidem
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent